



Arbeiderpartiet.no

## **FRAMTIDA TIL TRONVIK PSYKIATRISKE BEHANDLINGSHEIM**

Høyanger AP er ottefull for framtida til Helse Førde si avdeling på Tronvik. Post 4 vart lagt ned i 2013, og talet på tilsette har gått ned frå nær 100 til om lag 60 i tida 2013-18.

Det er uttalt offentleg og det er lansert konkrete planar om at Helse Førde vil samle all sin aktivitet innan psykiatrien i Førde. Fram til no har manglande investeringsmidlar i helseføretaket hinda ei ”nedlegging” av DPS avdelinga på Tronvik.

Denne institusjonen er viktig for Høyanger kommune. Framleis er institusjonen ein stor arbeidsplass. I tillegg er mesteparten kvinnelege arbeidsplassar. Dei tilsette ved Tronvik har over fleire år vore særst aktive med å skaffe seg etter- og vidareutdanning, og dei arbeidar målmedvite for å rekruttere inn nøkkelpersonell til institusjonen.

Tronvik har dei siste åra spesialisert seg innafor rusbehandling og rehabilitering. Institusjonen har opparbeida seg eit godt omdøme innan dette viktige fagfeltet, med m.a. ”familehus”. Dei har også teke imot pasientar frå Helse Vest og helse Bergen, som elles måtte ha kjøpt denne tenesta frå private aktørar i Bergensregionen.

Helse Førde etablerte ein ruspost på Nordfjordeid som ein del av innhaldet i eit nytt Nordfjord Sjukehus. Dette, saman med at Helse Førde vil samle dei psykiatriske pasientane i Førde, er med å svekke grunnlaget for drifta ved Tronvik.

### **Argument i høve sikring og vidareutvikling av Tronvik:**

- Tronvik har eit særst godt omdøme som behandlingsinstitusjon.
- Tronvik har tilgang på stabil og kompetent arbeidsstokk.
- Tronvik ligg særst flott til med store og eigna areal iht bygningar og uteområde.
- Tilgang på pasientar synest å vere aukande, både på lokalt, regionalt og nasjonalt plan.
- Tronvik ligg sentralt til ”midt på” Vestlandet, nær Førde og Bergen.

Høyanger AP krev at Helse Førde jobbar aktivt saman med Høyanger kommune mot helse Vest og Helse Bergen for å styrkje og vidareutvikle Tronvik som behandlingsinstitusjon!

